

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80.

Fylke: Møre &amp; R.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Haram.

Emne: I. Husråd - kjeringråd.

Bygdelag. Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne

Gard: Rogne.

(adresse): Longva, Skuløy.

G.nr. 7 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige vitende.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Til dette spørsmålet trur eg innstillingi er mykje godt den same som fyrr.

2. Dei skilde millom smitte og umfarsykja. Umfarsykja kalla dei og farang. Mot den kladde dei seg godt, so dei ikkje gjekk og skjelta og småfraus, som dei sa. Lækjerådi her var mest peparbrennevin (kornbrennevin tilsett nellikpepar). Ei flaska av dette slaget hadde mange ståande um noko kom på. Det var halde for god medisin både for skjelte (innvertes frysing) og for mageknip.

Harde smittesjukdomar som difterit o.fl. kalla dei "sotta", truleg avdi den sopte med seg so mange. Det ser ikkje ut til, at dei i eldre tid heldt tæring, lungetæring, for smittefårleg. Um ein tæringssjuk sa dei, at han talmast burt og hadde eller brukte ingi råd med eller mot denne sjukdomen. Dei kom ikkje på at den var smittsam. Før eg gjennom dødslistone, er det mest skremmeleg å sjå kor mange born og unge folk i sine beste år som døyr av tæring. Det var liksom folk ikkje vart uppskaka av denne snikjande sjukdomen. Difor hadde dei ikkje ikkje lækje- eller verjeråder mot den, det eg hev høyrte. Onnorleis var det, når "sotta gjekk" (nervefeberen). Her nemner eg Iverina Olsdtr Nogva. Ho var fødd 1794 og døydde 8. aug. 1892 og vart soleis 98 år gamal. Når "sotta gjekk" åt ho berre velkøkt mat og smakte ikkje vatn. "Eg drakk mitt eige i 8 dagar, når sotta gjekk", sa ho.

Lækjarane var ho redd, for ho trudde dei drog med seg smitte. Kom lækjar på garden, tok ho ein tjereklut og hadde fram for munn og nase til å anda igjennom. "Ein er ikkje trygg på kva slikt folk fører med seg", let ho.

No var so visst ikkje alle som Iverina. Truleg hadde ho lært varsemi av sine foreldre.

<sup>dei</sup> Nett kva visste um smitte i eldre tid, torer eg ikkje segja. Men til verja mot den brukte dei peparbrennevin og tjera. Eg trur mest at einen og var halden høgt soleis.

Stovegolvet vart suntid strått med hakka einebar. Der-til kveikt dei på ei einekrøkla og bar den brennande inn i stova og fyllte romet med einerøyk. Dette hugsar eg godt frå eg var smågut. No er dette longe slutt. Det spørst um ikkje opphavet til denne skikk var ei verjeråd mot smitte.- Det spørst og um ikkje skikken med å strå hakka einebar på dørhella, troppi og vegen ut til ålmanna-vegen, når eit lik vert bore ut, inst inne er den siste rest av å bruka einen som verjeråd mot smitte. Eg torer ikkje segja noko visst um dette siste. Eg berre let tanken gå til dei som meir veit.

3. Peparbrennevin hadde jamnt kvar mann ståande. Det var halde godt for mest all indre sjukdom. Utan um dette, kjenner eg ikkje til at dei hadde medisinar liggjande. Ytre skade som brandsår la dei på rå egg. På andre sår la dei oftast bik og røyrd band yver. Det låg til såret var attgrodt. Log av urter, og so salvar hadde ingen liggjande, det eg veit. (Eg minner um Ingebrigt Dyrøy, som eg fyrr hev skrive um. Han dreiv lækjarpraksis med log av urter).

4 og 5. Ukjent i mine bygder.

6. Um tjere og bik er nemnt litt under sp. 2 og 3. Meir veit eg ikkje um det i denne samanheng.

-7. Ordet "treak" er ukjent, men treakel hev eg høyrte. Det er det som hjå oss er kalla lukris eller lakris. Det er fabrikkvara og er ikkje laga i mine bygder, so eg veit inkje um korleis den er laga og kva den er laga av.

8. Ordet "divelsdrikk" høyrde eg som smågut. Kva den var laga av og brukt til, veit eg ikkje.

9. Folk flest kanla ikkje dei emne som her er nemnde til medisin, det eg veit. (Sjå det eg skrêiv um Ingebrigt Dyrøy).

10. Fell burt etter svaret ovanfor.

11. Ukjent i mine bygder, det eg veit.

12. Fell burt.

13. Ikkje det eg veit. Dei vart vel fortalde munnleg, der-son dei var fri for mystikk.

14. Ikkje i eldre tid, det eg veit.

Karl Ryzner